



Roal Vatnøy  
Litlevika 33  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/7819 - 15/7849

Saksbehandlar:  
Benjamin Hicks  
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no


Dato:  
08.04.2015


## Vedrørende søknad om etablering av flytebrygge Gbnr 225/1 og 3 Haukøy

Det vert vist til telefonsamtale den 07.04.2015 og samtale i byggesaksvakta same dag.

Søknaden kan ikkje handsamast slik den ligg føre då eigar av gnr. 219 bnr. 2 ikkje har gjeve sitt samtykke til etablering av anlegget slik det er søkt om. Vi kan ikkje sjå at det er dokumentert rett til plassering av biloppstillingsplass på gnr. 219 bnr. 41 som vist på innsendt situasjonsplan.

Vi gjer merksam på at kommunen ikkje er positiv til etablering av flytebrygge med den plassering som er vist i søknaden.





Gbnr 219/ 1 & 2 er eigarar av eit strandområde på austre del av eit areal avsett til til eksisterande båthamn i kommuneplanen (She), sjå punkt 6.10 og 6.11 i føresegnene:

«Føremålet er småbåthamn med naudsynt parkering, tekniske anlegg og servicebygg.»  
«I område sett av til småbåthamn skal tiltak som krev søknad og løyve etter pbl §§ 20-1 og 20-2 inngå i reguleringsplan før tiltak er tillate»

Det kan vere aktuelt å vurdere eit mellombels tiltak innanfor areal avsett til båthamn i inntil 2 år. Dette vil krevje ny søknad, dispensasjonssøknad og nabovarsling. Ei slik løysing vil gje brukarar av området moglegheit til å komme med reguleringsplan for området slik at ein kan finne ein permanent løysing for ei eventuell framtidig flytebryggeanlegg.

Vi ber om tilbakemelding på overnemnde innan 15.05.2015. Dersom vi ikkje høyrer frå dykk innan fristen vert søknaden arkivert uhandsama. Etter fristen vil De måtte sende inn ny søknad dersom søknad om etablering av flytebrygge skal realitetshandsamast.

Med helsing

Tor Hegle  
einingsleiar

Benjamin Hicks  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Roal Vatnøy

Litlevika 33

5914

ISDALSTØ